



--

<b>Arkiv saknr:</b>	2018/3
<b>Løpenr.:</b>	119/2018
<b>Arkivkode:</b>	K01

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Lasse Mathisen

## **Dispensasjon til å bruke motorkjøretøy på snø og barmark**

### **§ 6**

#### **Vedlegg:**

- 1 Motorferdsel - Dispensasjonssøknad § 6 - transportløyve for næringsdrivande

#### **Dokument i saka:**

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, LOV-1977-06-10-82

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-365

Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova, PS 119/2016

Naturmangfoldslovas §§ 8 – 12

#### **Bakgrunn:**

Trond Hove søker om å kunne nytte snøskuter i samband med utøving av næring som tømrar. Dette gjeld nødvendig køyring som transport av utstyr og materiell til oppdrag utan vegforbindelse. Søknaden gjeld området Rauland-Møsstrond, i vintersesongane fram til 01.05.2021.

I samsvar med kommunens retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova, kan handverkerar få dispensasjon til å transportere seg sjølv, verktøy og materialar inn til hytter. Disp saker skal handsamast politisk.

Det er sett krav om følgjande:

- Organisasjonsnummer
- Føringsbrev før kvar tur startar
- Løyvet gjeld for 4 år, men blir fornya ein gong i året etter rapportering
- Rapportering til kommunen seinast innan 15. juni

## **Vurdering:**

Vinje kommune sine retningslinjer opnar for å gje handverkerar dispensasjon til transport. Det er sett krav om organisasjonsnummer, dette er ikkje opplyst i søknaden, men søkjaren er registrert i Brønnøysundregisteret som enkeltmannsføretak med eige organisasjonsnummer.

Ved vurdering av søknaden skal ein leggje vekt på:

- Om transporten kan løysast på anna vis
- Om det er andre føremål enn turkøyning
- Verknader på vilt, natur, miljø, friluftsliv, hytter og bustader

### Løysast på anna vis:

Det er søkt om bruk av snøskuter. Det er snakk om utmark, og andre alternativ enn helikopter har vi ikkje. Her blir det fort snakk om mengde og pris. Vanskelig derfor å sei at det kan løysast på anna måte, men transporten kan kanskje utsettast til barmark? På ein eller annan måte må det jo fraktast da også, med dei ulemper det mefører av eventuelle spor i terrenget! Viktig derfor å oppmode søkjar om å redusere køyringa til eit minimum.

### Andre føremål enn turkøyning:

Dette er ein søknad frå ein handverkar, ein har ingen grunn til å tru at dette er noko anna enn det det er søkt om.

### Verknader på vilt, natur...:

Utfordringa i slike søknader som dette er omfanget, når det gjeld tid, stad og tal turar, da dette gjeng på etterspurnad. Det «beste» hadde vore å handsama kvart enkelt oppdrag, men dette ville blitt svært tungvint då disp. saker skal handsamast av eit politisk organ, og kan ikkje delegerast administrativt. Det er heller ikkje slike saker kommunen har mest problem med når det gjeld køyning i utmark. Det er heller viktig å gjere søkjar merksam på det ansvaret han har ved transporten, slik at verknadene på vilt og naturmiljø blir minimale.

Søknaden er vurdert i forhold til §§ 8 – 12 i Naturmangfoldslova, utan merknader til desse.

Kommunen har vurdert det slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av å utføre transporten.

## ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

**Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune gjev med dette Trond Hove løyve til å transportere seg sjølv, verktøy og materialar i samband med oppdrag som tømrrar. Dette i medhald av Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6.**

**Løyvet gjeld for området Rauland-Møsstrand i Vinje kommune.**

**Løyvet gjeld for ein snøskuter i 4 år, fom vintersesongen 2017/2018 – tom vintersesongen 2020/2021.**

**Løyvet gjeld så lenge så lenge snøen er berande. Frå og med første måndagen i mai er køyning ulovleg.**

**Det skal førast køyrebok før kvar tur startar.**

**Turane skal rapporterast til kommunen innan 15. juni kvart år.**

**Løyvet blir fornya ein gong i året etter innsendt rapport.  
Det skal nyttast registret skuter med korrekt kjennemerke.  
Før køyring skal løyvehavar innhente samtykke frå grunneigar en køyrer over.  
Køyringa skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til vilt, natur, miljø, friluftsliv,  
hytter og bustader.  
Køyringa skal reduserast til eit minimum.  
Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.**

Rådmannen, 08.01.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/